



Hydro Energi AS
Postboks 303
6882 Øvre Årdal

Vår dato: 2021-09-03
Vår ref.: Kristen Rockland Aarethun

Norges vassdrags- og energidirektorat
Region Vest
Naustdalsvegen 1b
6800 Førde

Søknad om å tappe ned magasin Fivlemyr under LRV

Søker om å få tappe Fivlemyr magasin 1 – 1,5 m under LRV på grunn av store slam- og sandansamlinger framføre inntaksrist til overføringsluke frå magasin Fivlemyr til magasin Skålavatn. Dette fører til avgrensa overføring av vatn til Skålavatn, noko som er svært uheldig i flaumsituasjonar der det kan vere kapasitet til å ta vatnet gjennom Skagen kraftstasjon, eller det er ledig kapasitet i magasin Skålavatn for demping av flaum. Ved redusert overføring av vatn kan det i verste fall skape større flaum enn nødvendig i Fortunsdalen.

Søker med dette om å få gå under LRV for fjerning av slam i kanal framfor inntaksrist for å oppretthalde maksimal overføring av vatn frå Fivlemyr magasin til Skålavatn. Med omsyn til tilsig og værprognosar ynskjer Hydro Energi å ha moglegheit til å gå under LRV i ein periode på 10 døgn ein gong i tidsrommet mellom veke 36 – 39

Det er ikkje venta at ei nedtapping under LRV vil medføre negative hydrologiske eller miljømessige konsekvensar i aktuelt tidsrom. Nedtappinga av magasinet vil bli utført ved hjelp av tappeluken i dam Fivlemyr og vil bli utført med roleg seinking med liten lukeopning.

Med helsing
for Hydro Energi AS

DocuSigned by:

Johnny Bruken 51B3C20C66C3403...

Vassdragsteknisk ansvarleg
Hydro Energi AS
M: + 47 917 82 684